



Ing. Taule as
Kvassnesvn 33
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1842 - 17/11676

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
15.11.2017

Delingssak Gbnr 52/2 Kolstad - ny grunneigedom for heilårsbustad - mellombels svar og trong for tilleggsopplysningar

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om deling og rekvisisjons av oppmåling 18.09.17.

Søknaden er mangelfull og kan ikkje handamast som den ligg føre, jf. også kommunen sitt brev av 16.09.16. Før søknaden kan handamast må følgjande sendast inn:

- Opplysningar om areal og føremål for frådelt eigedom i søknadsskjemaet pkt 11.
- Grunngeve søknad om dispensasjon , jf. søknadsskjemaet pkt 5 og plan- og bygningslova § 19-1.
- Nabovarslingsdokument for søknad om dispensasjon og deling, jf. plan- og bygningslova § 21-3 og § 19-1.
- Erklæringar om rettar som gjeld veg og leidningsnett for VA, jf. plan- og bygningslova kap. 27.
- Opplysningar om kva type privat avlaupsanlegg bustaden har, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

Kommunen gjer merksam på at kommunen handsamar søknaden bare som søknad om deling. Det er ikkje naudsynte opplysningar i søknaden for at kommunen skal kunne ta stilling til dispensasjon for tiltak - oppføring av bustad, garasje, veg etc. i sama sak, jf. også uttale frå Statens vegvesen som gjeld byggegrense mot fylkesveg.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfrist for søknad om deling som krev dispensasjon er 12 veker frå søknaden er komplett. I tillegg kjem inn til 4 veker uttalefrist for regionale styresmakter, jf. plan- og bygningslova § 21-7.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing. Taule as

Kvassnesvn 33

5914

ISDALSTØ